

BACHELOROPPGÅVE

Å motivere underytande elevar til fagleg innsats

Motivating underachieving pupils to academic effort

GUPEL412 - Bacheloroppgåve, vitskapsteori og forskingsmetode

Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett

Institutt for pedagogikk, religion og samfunnsfag

Grunnskulelærarutdanning 5–10

Namn: Kristine Fjeldheim Hovelsen

Rettleiar: Ketil Langørgen

Innleveringsdato: 02.06.19

Ord: 8 290

Abstract

Title

Motivating underachieving pupils to academic effort.

Research Question

How can the teacher motivate underachieving pupils to academic effort?

Method

Qualitative interviews of three educated primary school teachers.

Summary

In order for a pupil to learn, he or she has to be motivated. For one to be motivated, both of the following two conditions has to be present: (1) having the necessary *skill* and (2) having the *desire* to do a task. Therefore, it is not sufficient having the right skills to perform a task, the pupil must also want to do it. Pupils who have the ability to, but still does not embark on school work are seen as underachievers. These underachievers therefore perform at a lower academic level than their skills indicate. Thus, the teacher needs to know how to motivate them. That is what this bachelor thesis has looked into and discussed, based on qualitative interviews and various motivational theories. Four major findings have been found. The first is the importance of a good relation to each pupil. Building a good relation to each pupil can be done by giving support, both emotionally and on school work, and by getting to know the pupil also besides the academic performance. The second major finding is knowing the skill level, work capacity and preferred working method of each pupil. This will make it easier to adapt the teaching program to each individual. The third is working with minimizing performance anxiety, as this may be the reason why the pupils are underachieving. The last of the four major findings in motivating underachieving pupils is making them personally aware of how they get motivated.

Innhaldsliste

| | |
|---|-----------|
| ABSTRACT | i |
| 1. INNLEIING..... | 1 |
| 1.1. BAKGRUNN FOR VAL AV TEMA..... | 1 |
| 1.2. PROBLEMSTILLING | 1 |
| 1.3. INNHOLD OG STRUKTUR I OPPGÅVA | 1 |
| 2. TEORI..... | 2 |
| 2.1. KVEN ER DEN UNDERTANDE ELEVEN? | 2 |
| 2.2. MOTIVASJON | 2 |
| 2.2.1. <i>Prestasjonsmotivasjon</i> | 3 |
| 2.2.2. <i>Forventing om meistring</i> | 4 |
| 2.2.3. <i>Arbeid med å auka eleven sin motivasjon</i> | 6 |
| 2.2.4. <i>Flytsone</i> | 7 |
| 3. METODE..... | 7 |
| 3.1. VAL AV METODE - KVALITATIV | 8 |
| 3.2. GJENNOMFØRING AV DATAINNSAMLING | 9 |
| 3.2.1. <i>Informantane</i> | 9 |
| 3.2.2. <i>Etiske omsyn</i> | 9 |
| 3.3. VALIDITET – RELEVANSEN TIL DATA..... | 10 |
| 3.4. RELIABILITET – PÅLITELEGHEITA TIL DATA | 11 |
| 3.5. ANALYSE AV DATA | 11 |
| 4. RESULTAT | 12 |
| 4.1. GODE RELASJONAR SOM GRUNNMUR FOR Å MOTIVERE ELEVANE | 12 |
| 4.2. TILPASSING PÅ FLEIRE OMRÅDE | 14 |
| 4.3. LÆRARARS ARBEID MED Å MINIMERE PRESTASJONSANGST HOS ELEVANE..... | 14 |
| 4.4. Å VERA BEVISST PÅ EIGEN MOTIVASJON | 16 |
| 5. DRØFTING AV FUNN | 16 |
| 5.1. BYGGE OPP GODE RELASJONAR | 17 |
| 5.2. TILPASSING SOM MOTIVASJONSAKTOR..... | 18 |
| 5.3. REDUSERE PRESTASJONSANGST HOS ELEVANE | 19 |
| 5.4. GJERE ELEVANE BEVISST PÅ EIGEN MOTIVASJON | 20 |
| 5.5. UNDERTANDE ELEVER ELLER ELEVAR GENERELT? | 21 |
| 6. KONKLUSJON..... | 21 |
| 6.1. TIPS TIL VIDARE FORSKING..... | 23 |
| 7. LITTERATURLISTE | 24 |

| | |
|---------------------------------|-----------|
| VEDLEGG | 25 |
| VEDLEGG 1: SAMTYKKESKJEMA | 25 |
| VEDLEGG 2: INTERVJUGUIDE..... | 27 |

Figurliste

| | |
|---|----|
| FIGUR 1: ATKINSON SIN MODELL PÅ PRESTASJONSMOTIVASJON | 3 |
| FIGUR 2: FLYTSONEMODELLEN | 7 |
| FIGUR 3: UTKLIPP AV TABELL FRÅ ANALYSEPROSESSEN..... | 12 |

1. Innleiing

1.1. Bakgrunn for val av tema

At motivasjon er ein viktig føresetnad for læring er noko mange teoretikarar er einige om (for eksempel Skinner, Maslow, Bandura, Vygotsky). Holden (2003, s. 63) peiker på to føresetnadar som må vera til stades for at ein skal vera motivert til å utføre en handling: ein må *kunne* og ein må *ønske*. Det held altså ikkje om en elev har *føresetnadane* for å meistre ei oppgåve dersom eleven ikkje har *lyst* til å gjere den. For at elevane skal arbeide er det dermed viktig at læraren også har fokus på akkurat dette, at elevane må *ville* arbeide fagleg. Læraren må leggje til rette for at elevane er motivert til å ta fatt på skulearbeidet. Uansett kva for eit fagleg nivå eleven er på er det heilt avgjerande for den faglege innsatsen at eleven er motivert.

Det hender at ein møter på elevar som er underytande, altså elevar som ikkje oppnår prestasjonsnivået som føresetnadane deira tilseier. Elevar som yt låg innsats og presterar under forventa prestasjonsnivå kan ein finne på alle faglege nivå. Men ein ting har dei felles. Dei får ikkje utnytta sitt potensiale. At ein elev er underytar kan ha fleire årsakar, der ein av disse årsakene er motivasjonssvikt (Bø & Helle, 2013, s. 320). Som lærar er det derfor viktig å fange opp desse elevane og arbeide for at motivasjonen deira vert styrka.

Gjennom kvalitative intervju skal studien undersøke korleis ein som lærar kan motivere underytande elevar til fagleg innsats. Den vil ta for seg ulik pedagogisk motivasjonsteori og diskutere funn frå intervju opp mot desse.

1.2. Problemstilling

Korleis kan læraren motivere underytande elevar til fagleg innsats?

1.3. Innhald og struktur i oppgåva

Vidare vil det bli presentert eit utval av teori knytt til motivasjon og underyting som er aktuell for å svare på problemstillinga. Deretter vil den kvalitative metoden, som er metoden som er nytta i dette prosjektet, bli gjort greie for i metodekapittelet. Kvalitative intervju har tilført prosjektet fleire funn. Korleis funn frå desse intervjuha har blitt analysert og vald ut vil bli forklart i eit eige delkapittel under metode. Deretter vil utvalde funn bli presentert under resultat. Desse funna vil bli drøfta opp mot relevant teori i påfølgande drøftingskapittel.

Avslutningsvis i oppgåva vil drøftinga bli samanfatta og sett opp mot problemstillinga om korleis ein som lærar kan motivere underytande elevar.

2. Teori

I dette kapittelet vil det bli presentert ulike omgrep og teoretiske perspektiv som er viktige for å svare på oppgåva si problemstilling. Aller først vil teorikapittelet gjere greie for kva underyting er og kva som kjenneteiknar ein underytande elev, då det er desse elevane oppgåva fokuserer på. Vidare vil ulik motivasjonsteori bli gjort greie for. Motivasjon er eit stort fagfelt og det finns mange ulike innfallsvinklar på temaet. Perspektiva som er vald ut i denne oppgåva er Atkinson sin teori om prestasjonsmotivasjon og Bandura sin teori om forventing om meistring. Deretter vert det presentert nokre råd for korleis ein som lærar kan motivere elevar. Nokre av desse råda vart tatt med som eit utgangspunkt i dei kvalitative intervjuia. Ut frå analysen vart Csikszentmihalyi sin teori om flytsone også aktuell. Denne vert presentert til slutt i teorikapittelet.

2.1. Kven er den underytande eleven?

Ein underytande elev er ein elev som presterer lågare enn det faglege potensialet tilseier (Bø & Helle, 2013, s. 320). Det gjer at ein finn underytande elevar på alle faglege nivå.

Underyting skil seg frå lærevanskar ved at det ikkje er nokon identifiserbare vanskar som ligg til grunn for dei svekka prestasjonane til eleven (Kildal, 2006, s. 15).

Psykologen McCall (i Kildal, 2006, s. 17) meiner underytande elevar kan karakteriserast blant anna ved at dei er sjølvkritiske, set urealistiske mål, har prestasjonsangst og låg arbeidskapasitet. Lærarane som vert intervjua trakk også fram at desse elevane i blant er utagerande og at dei ikkje følgjer beskjedar. Andre underytande elevar er forsiktige. Alt dette resulterer i at elevane får lite gjort i skulefaga og dermed ikkje får nytta potensialet deira. At ein elev er underytar kan ha fleire årsakar, der ein av disse årsakene er motivasjonssvikt (Bø & Helle, 2013, s. 320).

2.2. Motivasjon


Motivasjon kan beskrivast som den drivkrafta som forårsakar aktivitet hos ein person (Imsen, 2014, s. 294). Det er denne drivkrafta som ligg til grunn når ein person vel ta fatt på denne aktiviteten. Motivasjon er det hos personen som gjer at aktiviteten held fram og det som gir

aktiviteten mål og meinings. Ein kan sjå på to ulike aspekt ved motivasjon, det å *kunne* og *ønske*. For at ein person skal gjennomføre ein aktivitet må personen både *kunne* og *ønske* utføre aktiviteten (Holden, 2003, s. 63). I ein skulesituasjon vil det seie at sjølv om ein elev har evner til å gjennomføre ei oppgåve, vil ikkje eleven nødvendigvis utføre oppgåva med mindre eleven også har eit *ønske* om å gjere den. Psykologen Brophy (i Manger, 2016, s. 9) beskriv *motivasjon for å læra* som elevane sine tendensar til å finna skuleaktivitetar meiningsfylte og verd å halda på med.

Det finst mange ulike teoriar om motivasjon, som til dels er motstridande, men fleire høyrer også naturleg saman. Nokon teoriar tek føre seg ulike innfallsvinklar på motivert åtferd, medan andre ser på ulike grunngjevingar for sjølve åtferda (Skaalvik & Skaalvik, 2013, s. 131). Då dei ulike syna på motivasjon er ulike, vil kva for eit syn ein har på motivasjon ha innverknad på korleis ein ser på det å motivere elevar til læring. I denne oppgåva vil drøftinga ta utgangspunkt i Atkinson sin teori om prestasjonsmotivasjon og Bandura sin teori om forventing om meistring.

2.2.1. Prestasjonsmotivasjon

Teorien om prestasjonsmotivasjon vart utvikla av den amerikanske psykologen John W. Atkinson og tek utgangspunkt i at alle menneske har eit grunnleggjande motiv for å ville prestera (Manger, 2013b, s. 139). I følgje teorien er nokon menneske meir motivert til å prestere enn andre. Graden av prestasjonsmotivasjon og lysten til å gå i gong med ei oppgåve vert påverka av to motstridande faktorar (Imsen, 2014, s. 315). *Lysta til å lykkast* med oppgåva driv personen til å gå i gong. Samtidig vart personen held igjen av den motstridande faktoren *angsten for å mislykkast*. I ein prestasjonssituasjon vil desse to impulsane melde seg hos personen. I eleven sitt møte med ei utfordring i skulen vil desse alltid vera konkurrande, sjå figur 1. Vert *lysta til å lykkast* sterkest vil eleven ta fatt på oppgåva. Vart derimot *angstimpulsen* sterkest vil eleven vegre seg for å prøve på ei løysning. I følgje Atkinson sin teori vil dermed ein elev med sterkt motiv for å unngå å mislykkast ha ein tendens til å unngå prestasjonsretta aktivitetar (Skaalvik & Skaalvik, 2013, s. 145).



Figur 1: Atkinson sin modell på prestasjonsmotivasjon.

Ein elev som møter oppgåver som blir sett på som lette vil ikkje få vekka prestasjonsmotivet til live i særleg grad (Imsen, 2014, s. 317). Eleven vil sjå liten gevinst i å løyse den. Om oppgåva i eleven sine auge er håplaus vanskeleg vil det same gjelde. Prestasjonsmotivet vert ikkje trigga, då sannsynet for å lykkast vert sett på låg. Skal eit sterkt meistringsmotiv føre til sterkt motivasjon må difor oppgåvene verken vera for lette eller for vanskelege. Imsen (2014, s. 317) skiv vidare at det er dei “passe” vanskelege oppgåvene som er mest gunstige for å utløyse motivasjon hos eleven. Då ser eleven både moglegheita for å lykkast og ein viss usikkerheit til oppgåva, men lysta til å lykkast vert vinnande.

Redusere prestasjonsangst

Imsen (2014, s. 324) trekk fram ulike strategiar for å redusere prestasjonsangst i klassen. Ho meiner det viktigaste er at undervisninga vert tilpassa elevane sine føresetnadar. For elevar der angstmotivet står sterkest (der angst for å mislykkast er sterkare enn lysten til å lykkast), kan det vera eit godt reiskap å la elevane starte med relativt enkle oppgåver (ibid.). Deretter presiserer Imsen (ibid.) viktigheita av at progresjonen er langsam slik at elevane litt etter litt får tiltru til eigne evner. Elevane med dominerande prestasjonsangst er avhengig av ein garantert tryggleik om å meistre oppgåvesituasjonen, skal dei i det heile tatt gjere noko.

Vidare skriv Imsen (2014) at å la elevar arbeide i mindre grupper kan bidra til å minimere prestasjonsangst. Ved at elevane har kvarandre å støtte seg på vil trusselen mot sosial fiasko vera mindre.

2.2.2. Forventing om meistring

Albert Bandura er psykolog og anerkjent forskar innan læring og personlegdom. Han knyt motivasjon saman med forventing om meistring. Teorien handlar om at ein person sine forventingar om å meistre ei oppgåve avgjer kor stor kognitiv innsats personen legg i arbeidet med å løyse den (Skaalvik & Skaalvik, 2013, s. 147). Med andre ord er ein avhengig av å ha tru på seg sjølv for å vera motivert til læring. Ein må tru at ein har føresetnadane oppgåva krev for at ein skal leggje inn innsats for å løyse den. Det gjer at to elevar med same føresetnadar kan prestere ulikt på same oppgåve fordi dei har ulike forventingar til å få oppgåva til. Meistringsforventingar påverkar val av aktivitetar, i tillegg til innsats og uthaldning når oppgåvene blir vanskelege (ibid.). Ved møte på ei utfordring vil ein elev som

tvilar på sin eigen kompetanse dermed redusere innsatsen eller gi opp. Hos ein elev der det motsette er tilfelle vil innsatsen derimot auke.

Fire hovudkjelder til forventing om meistring

Ifølgje Bandura (i Manger, 2013a, s. 251) blir eleven si forventing om meistring bygd opp gjennom fire hovudkjelder; *autentiske meistrinsopplevelingar, vikarierande erfaringar, verbal overtaling og fysiologiske reaksjonar*. Dei tre fyrste vil bli presentert vidare, då det er dei som vart aktuelle for oppgåva.

Å byggje opp forventing om meistring ved hjelp av autentiske meistringsopplevelingar går ut på å gi eleven ekte og reelle meistringsopplevelingar som er direkte knytt til området. Ved at eleven meistrar ei oppgåve vil forventingane auke til å klare ei liknande oppgåve i framtida. Likevel er det viktig å ikkje gi eleven for lett motstand, då dette kan bygge opp ei forventing om å lykkast utan anstrenging (Manger, 2013a, s. 252).

Ved å byggje opp forventing om meistring gjennom vikarierande erfaringar samanliknar elevane seg med andre elevar som dei ser på som like kunnskapsrike (Manger, 2013a, s. 252). Elevane lærer av andre sine erfaringar. La oss sjå på eit eksempel. Dersom Johanne føler seg på same faglege nivå som medeleven Einar, vil det at Einar lykkes med ei oppgåve auke Johanne si tru på at ho kan meistre liknande oppgåver. Elevane bruker på den måten andre elevar som modellar for eigen læring. Vikarierande erfaringar kan også vera uheldig. Dersom Johanne observerer at Einar feilar på ei oppgåve, vil dette på same grunnlag kunne redusere Johanne si forventing om meistring på dette fagområdet.

Eleven si forventing om meistring kan også bli påverka gjennom verbal overtaling (munnlege tilbakemeldingar) frå menneske i omgivnadane, slik som foreldre, lærarar og klassekameratar. Positiv overtaling kan auke forventinga om meistring, medan negative meldingar kan gjere det motsette (Manger, 2013a, s. 255). Kor positiv effekt overtalinga har på eleven avheng av kor truverdig det som blir sagt er. Konkrete tilbakemeldingar (“Du fekk til ei liknande oppgåve i går”) har større effekt enn diffuse meldingar (“Dette klarar du”). I følgje Bandura (i Manger, 2013a, s. 255) er oppmuntringa til oppgåver som ligg rett ovanfor eleven sitt dugleksnivå den som fungerer best for å auke eleven si forventing om meistring.

2.2.3. Arbeid med å auka eleven sin motivasjon

Psykologane Thomas L. Good og Jere Brophy (i Imsen, 2014, s. 356) har med bakgrunn i pedagogisk, psykologisk og samfunnsvitskapleg teori, samt klasseromsbasert forsking, utvikla ei rekke råd for korleis ein som lærar kan bidra til at elevane vert meir motivert for skulearbeid. To av desse råda er

- Minimere prestasjonsangst hos elevane.
- Gjere elevane bevisst på sin eigen motivasjon for å lære.

I tillegg til råda over vil denne oppgåva sjå på betydinga av god relasjon mellom lærar og elev. Eit aukande tal av studiar viser at forholdet mellom lærar og elev har stor innverknad på eleven sin motivasjon og læring (Federici & Skaalvik, 2013, s. 58). Blant anna er eit sentralt funn i Hattie (i Manger, 2016, s. 28) sine mange metaanalysar at det er relasjonen lærar-elev som i størst grad skapar vilkår for læring i skulen.


I forsking knytt til motivasjon har relasjonen mellom lærar og elev gjerne fokus på to forhold. Det eine er eleven si oppleving av sosial støtte frå læraren, og det andre er eleven si kjensle av å høyre til i skolemiljøet (ibid). Ein kan skilje mellom den sosiale støtta ein kan observere at læraren faktisk gir og den sosiale støtta som eleven faktisk opplev som støttande, der det er sistnemnde som har vist seg å vera av størst betydning for eleven sin motivasjon for skulearbeid (ibid). På same måte er det også eleven si *kjensle av å høyre til* som verkar mest inn på eleven sin motivasjon. I følgje Furrer & Skinner (i Federici & Skaalvik, 2013, s. 60) «viser elever som føler stor grad av tilhørighet større innsats, utholdenhets- og engasjement».

Både sosial støtte og tilhøyring til skolemiljøet kan læraren bidra positivt til ved å vera bevisst på eigen åtferd og ved å kjenne elevane (Federici & Skaalvik, 2013). Eleven kan oppleve støtte frå læraren både på emosjonelt og instrumentelt vis (ibid.). Emosjonell støtte går på å bli oppmuntra, verdsatt, respektert og akseptert av lærarane og at eleven føler seg trygge saman med dei. Instrumentell støtte omhandlar praktisk rettleiing og konkrete råd knytt til faget. Samtidig kan instrumentell støtte oppfattast som emosjonell støtte frå eleven si side, ved at det gir eleven ei kjensle av at læraren bryr seg (ibid.).

2.2.4. Flytsone

Den ungarsk-amerikanske psykologen Mihaly Csikszentmihalyi (i Ekeland, 2010, s. 73) har utvikla det psykologiske omgrepet "flow", eller flyt, som refererer til ein tilstand der ein er særleg motivert. Når ein opphald seg i denne flytsona er ein så oppslukt av arbeidsoppgåva at ein gløymer tid og stad (ibid.). Ekeland (2010, s. 74) skriv vidare at i ein slik flyt "kan vi få opplevelse av at vi ikke blir slitne av å handle". For at elevane skal oppnå optimal læring må dermed læringa i følgje denne teorien konsentrere seg i eleven si flytsone (NOU 2016:14, 2016, s. 54).

Spørsmålet vert då kva som skal til for å hamne i flyt. I følgje Csikszentmihalyi (i Ekeland, 2010, s. 75) er føresetnaden for å komme i flytsona at det er god balanse mellom utfordring og dugleik («ferdighet»), sjå figur 2. Er dugleikane til ein elev låg og utfordringa på ei oppgåve høg er det fare for at eleven opplever angst og bekymring. Dette kan føre med seg at eleven unnlet å arbeide vidare med oppgåva. Er dugleikane til eleven høg, men utfordringane låge kan eleven oppleve keisemd («kjedsomhet») og frustrasjon. For denne eleven vert utfordringane for låge i forhold til eleven sin kompetanse. Ein elev som opplev dette ligg også i fare for å la vera å arbeide. Midt mellom desse ytterpunktta finn ein flytsona. Det er her det er god balanse mellom dugleik og utfordring og det er dermed her eleven er særleg motivert og ligg an til å fortsette å løyse utfordringar og gløyme tid og stad.



Figur 2: Flytsonemodellen (NOU 2016:14, 2016, s.54).

3. Metode

Samfunnsvitskapen studerer den sosiale verkelegheita i samfunnet, medrekna skulen, som omhandlar menneske og samhandlingar mellom dei (Christoffersen & Johannessen, 2012, s.

16). Samfunnsvitskapleg metode handlar om «hvordan vi skal gå fram for å få informasjon om den sosiale virkeligheten, hvordan denne informasjonen kan analyseres, og hva den forteller oss om samfunnsmessige forhold og prosesser» (ibid. s. 16). Kva for ein metode ein vel innanfor den samfunnsvitskaplege metoden er avhengig av kva som kjenneteiknar den verkelegheita som skal undersøkjast. Metoden som passar til dette prosjektet er kvalitativ metode, som vidare vil bli gjort reie for.

3.1. Val av metode - kvalitativ

I motsetning til kvantitativ metode der ein undersøker mange førekomstar, gjerne ved bruk at spørjeskjema, vil ein ved kvalitativ metode undersøke meir grundig nokre få tilfelle/intervjuobjekt (Christoffersen & Johannessen, 2012, s. 17). Det gjer at intervjuobjekta kan utdjupa sine meningar og gir rom for oppfølgingsspørsmål, både frå intervjuar og intervjuobjekt. Relasjonen mellom forskar og deltakar vert gjerne meir uformell, då metoden er meir fleksibel og interaksjonen meir spontan og lett å tilpassa (ibid., s. 17). Denne dialogen gjer at metoden passar bra for dette prosjektet, då målet er å undersøkje lærarars tankar og erfaringar knytt til undervisningspraksisen deira. Det har blitt gjort kvalitative intervju med tre lærarar som alle jobbar på mellomtrinnet.

Ulempa med kvalitativ metode er at ein ikkje kan trekkje bastante slutningar, då utvalet er lite og ikkje representativt for ei større gruppe (Christoffersen & Johannessen, 2012, s. 17). Ein kan ikkje generalisera opp til eit større utval, då utvalet ein har er lite, skeivt og ikkje tilfeldig. I staden kan ein seie noko om temaet ut frå eksempla ein har, gjerne ved at ein ser på korleis teori vart brukt i praksis. I dette forskingsprosjektet er det nettopp det som ar målet, å få eit innblikk i korleis lærarar nyttar seg av pedagogisk og didaktisk teori i klasserommet, då spesielt i samband med motivering av underytande elevar.

Det kvalitative intervjuet kan vera meir eller mindre tilrettelagt på førehand (Christoffersen & Johannessen, 2012, s. 78). Intervjua som vart gjort her var dels semistrukturert og dels strukturert. Det var på førehand laga ein intervjuguide (Vedlegg 2) med spørsmål til intervjuet. Samtidig var ikkje verken spørsmåla i seg sjølv eller rekkefølga på dei bindande for gjennomføringa, men meir eit utgangspunkt. Nokon spørsmål vart stilt annleis under intervjuet enn i intervjuguiden, og nokon spørsmål var ikkje nødvendig å stille då det hende at informantane kom inn på relevante tema utan på bli spurt eksplisitt om det.

3.2. Gjennomføring av datainnsamling

Intervjuet vert gjennomført på skulen der informantane arbeider, på eit grupperom der intervjuet kunne gjennomførast utan forstyrringar. Kvart intervju varte mellom 15-20 minutt. Det vart på førehand satt ei tidsavgrensing på 20 minutt. Dette vart gjort litt med tanke på mengda for transkribering etterpå, men mest for å prøve å unngå at informantane snakka mykje utanføre tema. Ved å ha avgrensa tid vart både intervjuar og informant oppmerksame på å få sagt det viktigaste rundt temaet.

3.2.1. Informantane

Informantane er lærarar ved skulen eg har hatt praksis på i 5 veker. Val av informantar vart gjort på bakgrunn av kven eg tenkte kunne gi gode innspel til oppgåva. Gjennom observasjon av timar og samtalar har desse tre lærarane gjort seg aktuelle for prosjektet. Ein slik informantutveljing kallar Dalland (2018, s. 74) for strategisk utval. Han beskriv dette som det å velje informantar som ein på førehand meiner har noko spesielt å bidra med i undersøkinga. Lærarane kunne ikkje svare feil eller seie noko feil i intervjuet, men desto meir reflekterte lærarane var rundt tema og sin eigen undervisningspraksis, jo større sannsyn var det for å få best moglege svar.

Det er informantane sine skildringar av eigen praksis som saman med teorien skal prøve å svare på problemstillinga om korleis ein som lærar kan motivere underytande elevar til fagleg innsats.

3.2.2. Etiske omsyn

Då det vart tatt lydopptak av intervjuia måtte prosjektet bli meldt inn til Norsk Senter for Forskningsdata for godkjenning før intervjuet kunne gjennomførast. Ingen personopplysningar (anna enn stemmane) eller annan informasjon som kan knytte opptaka til informantane vart tatt opp under intervjuet. Informantane signerte ein samtykkekontrakt i forkant av intervjuet (Vedlegg 1). I kontrakten står det informasjon om prosjektet, hensikta med intervjuet, korleis lydopptaka vert behandla i etterkant og at informantane når som helst kan trekke seg frå prosjektet. Dette er viktig med tanke på “informantenes rett til selvbestemmelse og autonomi” som Personopplysningsloven stiller krav om (Christoffersen & Johannessen, 2012, s. 41).

Temaet vert ikkje sett på som sær sensitivt og personleg. Dermed var det få omsyn å ta (anna enn å vera audmijk, osb.) med tanke på kva spørsmål som kunne stillast og formuleringa av desse. Det vart også forsøkt å vera bevisst på å ikkje stille leiande spørsmål, då det kan føre til at informanten svarar det dei trur er rett, framføre å svare ærleg (Christoffersen & Johannessen, 2012, s. 84).

3.3. Validitet – relevansen til data

Validitet og reliabilitet viser til forskinga sine data, knytt til innsamling og bruk. Validitet går på om funna er relevant for prosjektet, medan reliabilitet handlar om data er samla inn på korrekt måte i samhøve med vitskapleg metode (Thurén, 2009, s. 32).

Forskinga sin validitet handlar om det ein undersøkjer er relevant for forskinga, om det er ei god relasjonen mellom data og det som vert undersøkt (Christoffersen & Johannessen, 2012, s. 24). Validiteten er høg dersom dataa som vert samla inn er gode representasjonar av fenomenet som vert undersøkt. Ein må derfor stille spørsmål om funna frå undersøkingane gir informasjon som er relevant for prosjektet.

Formålet med denne oppgåva er å undersøkje korleis ein som lærar kan motivere underytande elevar til fagleg innsats. Gjennom intervju skal det samlast inn data som skal bidra til å kunne svare på problemstillinga. Til det treng ein valide data. Ein treng funn som direkte kan knytast til lærarens arbeid i klasserommet. Hadde ein intervjuva vaskepersonalet på skulen kan det gjerne tenkjast at dei hadde hatt meininger om det, men det hadde ikkje tilført forskinga relevant informasjon då vaskepersonalet ikkje arbeider med å motivere elevane. Nokon som derimot *kan* gi oss valide data er sjølvsagt lærarane sjølv. I innsamlingsfasen til dette prosjektet vert tre lærarar intervjua, som alle har lærarutdanning og arbeider i skulen. Informasjonen dei kjem med vert derfor sett på som relevant. Det er viktig å trekke fram at det ikkje vert søkt etter noko fasit, eller funn som kan generaliserast i noko stor grad. Formålet er heller å finne ut korleis lærarar *kan* motivere elevar. Å intervju tre lærarar om dette er derfor nok til å gi forskingsprosjektet valide data.

Om data som vert samla inn er til å stole på er derimot avhengig av forskinga sin reliabilitet.

3.4. Reliabilitet – pålitelegheita til data

Forskinga sin reliabilitet handlar om pålitsgraden til data som vert samla inn, altså om ein kan stole på funna som vert gjort. For at data, og då også forskinga, skal vera påliteleg må dermed innsamling av data utførast på korrekt måte (Thurén, 2009, s. 31). I dette prosjektet vert det brukt kvalitativ metode med semistrukturerte intervju for å samle inn data. At lærarane som vart intervjua er utdanna og har fleire år med arbeidserfaring styrkar funna sin reliabilitet. Samtidig kan ein ikkje generalisere ut frå eit utval på berre tre lærarar. Funna må dermed brukast på ein måte som formidlar dette, at data gir innspel til korleis teori vert brukt i praksis og at data baserer seg på erfaring frå desse tre lærarane. Funn frå intervju skal også drøftast opp mot relevant teori frå fagfeltet. Dette styrkar igjen oppgåva sin reliabilitet.

Reliabilitet handlar også om korleis data vert analysert og kva for funn som vert trekt fram som relevante. I neste underkapittel vil det bli gjort greie for korleis data frå intervjua vart analysert.

3.5. Analyse av data

Data frå dei tre intervjuia vart behandla etter prinsipp frå den fenomenologiske analysemetoden. Analysen vart gjennomført som eit systematisk reiskap for å lettare kunne tolke data og funna som vart gjort. Hovudtrekka i den fenomenologiske analysemetoden er følgjande fire steg, henta frå Christoffersen & Johannessen (2012, s. 100).

1. Skaffe heilskapsinntrykk over data
2. Kode data etter relevante kategoriar
3. Kondensere data
4. Samanfatning av funn

Etter gjennomført intervju vart alle intervjuia transkribert frå lydopptak til tekst (steg 1). Både det informantane og intervjuar sa vart skreve ned i same ordlyd som på lydopptaket. For å få oversikt over kva som var blitt sagt og trekke ut relevante funn frå intervjuia vart deretter transkripsjonen koda (steg 2). Det vart brukt fire forskjellige fargar som delte funna inn etter om det som var sagt omhandla *kjenneteikn på underytarar, årsak til undertyting, korleis ein kan motivere dei* og til slutt om informantane sa noko om *relevant teori* knytt til temaet.

Funna vart deretter sortert i tabell etter desse tre av desse kategoriane (steg 3), då det ikkje var

naudsynt å ta med den siste kategorien («relevant teori») med vidare i analyseprosessen .

Utklipp frå tabellen er vist under i figur 3.

| Kven er den underytande eleven | Årsak til underyting | Korleis motivere |
|--------------------------------|---|--|
| Fysisk utagerande | For lette oppgåver | Skape gode relasjonar <ul style="list-style-type: none">• 24-timars mennesket• Spør foreldra om relasjonen• Både til elev og heim• Bry deg om meir enn skulearbeid |
| Låg sjølvkjensle | For einsarta undervisning | Bevisst på egen motivasjon <ul style="list-style-type: none">• Jobb med flytsona med elevene |
| Forsiktige | Falt ned i resignasjonsfasen (flytsone) | Minimere prestasjonsangst <ul style="list-style-type: none">• Lære av feil• Gruppearbeid• Openheit rundt feil |

Figur 3: Utklipp av tabell frå analyseprosessen.

Spesielt var det nyttig å få fram funn knytt til korleis lærarane motiverer underytarar, då det er det oppgåva skal drøfte. Under denne kategorien kom informantane inn på fleire ulike tankar og metodar for motivering av underytande elevar, der fire av desse funna vart vald ut. Samanfatning av funn (steg 4) vert gjort i eige resultatkapittel.

4. Resultat

Ut frå analysematerialet kom det fram følgande fire funn som vil bli tatt med vidare i oppgåva. Desse fire kategoriane vil bli presentert i kommande kapittel.

- Gode relasjonar med elevane
- Tilpassing som motivasjonsfaktor
- Minimere prestasjonsangst
- Gjere elevane bevisst på eigen motivasjon

Resultata er disponert slik at dei tema informantane framheva som viktigast vert presentert først. For lesinga si del vert informant 1 og 3 omtalt i hokjønn og informant 2 i hankjønn.

4.1. Gode relasjonar som grunnmur for å motivere elevane

Eit gjennomgåande tema i intervjuia viste seg å vera verdien av gode relasjonar mellom lærar og elev. Analysen viser at alle informantane legg vekt på at gode relasjonar med elevane er

nødvendig for å lykkast med å motivere dei. Med ein god relasjon i botn vert det lettare å ha ein open dialog med elevane og på den måten finne ut kva som gjer at eleven ikkje er motivert, meiner informant 1. Informant 2 trekk fram relasjon med eleven som det viktigaste momentet knytt til motivering av eleven. Utan ein god relasjon i botn vil læraren aldri lykkast med å motivere eleven, meiner han.

“Den (relasjonen) er i botn. Alltid. Eg kan ikkje framheva den nok. Fordi det fungerer ikkje om du går bort til ein elev og den relasjonen ikkje er der.” - Informant 2

Frå analysen kjem det også fram funn knytt til korleis læraren kan skape denne gode relasjonen til eleven. Eit av funna viser til at læraren aktivt må gå inn for å finne ut om ein er likt av eleven, om ikkje vil læraren aldri få vite dette og dermed ikkje kunne etablere god relasjon til denne eleven. Informant 2 råder til å bruke foreldra som hjelp. Spør foreldra direkte om barnet deira gir uttrykk for å like læraren.

“Du får aldri vite det. Så har du ein kontaktsamtale med foreldra eller noko slikt, så spør foreldra direkte ut om «Korleis er det med relasjonen mellom meg og ditt barn? Kva seier barnet om meg heime? Føler du at ditt barn har eit greitt forhold til meg?»”
- Informant 2

Eit anna funn knytt til det å etablere gode relasjoner er bruk av «24-timars menneske» som verktøy for å bli kjent med kvar enkelt elev. Informant 2 fortel at «24-timars mennesket» handlar om å bygge relasjoner ved bli kjent med heile mennesket, ikkje berre den delen av mennesket ein møter i ein situasjon, slik som i klasserommet. Kvar elev har ein presentasjon for klassen om kven dei er, og fortel om familien, kva dei gjer på fritida, kva dei draumar om, stader dei har budd og så bortetter. Denne bruker informant 2 aktivt med ein gong han tek over ei ny klasse. Også informant 3 trekk fram det å kjenne heile eleven som viktig for ein god relasjon.

“Vise at ein trur på dei, vise at ein ser dei, ikkje berre gi sånn, ikkje berre i ei bestemt læringssetting.” - Informant 3

4.2. Tilpassing på fleire område

Eit sentralt funn ut frå analysen er tilpassing, både etter fagleg nivå, etter ulike arbeidsmetodar og etter arbeidsmengde. Informantane opplev at ein årsak til undertyting er at tilpassinga er for dårleg. Elevane treng å møte passe utfordringar for å bli motivert til fagleg innsats, kjem det fram i analysen.

Fagleg tilpassing handlar ikkje berre om å leggje nivået på lågt nok nivå til dei fagleg svake elevane. Vel så viktig er det å legge nivået høgt nok for å gi fagleg sterke elevar nok utfordring, skal dei vera motivert.

“[...] det er dette med at ein må tilpasse det, både oppover og nedover.”

- Informant 1

Frå analysen kjem det også fram at tilpassing i oppgåvestruktur og arbeidsmengde er viktig for at undertytande elevar skal verta motiverte. Nokre elevar får til dømes vist meir av det dei kan fagleg ved å levere skriftlege oppgåver i staden for å ha framsyning for heile klassen.

Dette meiner informant 3 det er viktig å ta omsyn til og leggje til rette for den enkelte. I tillegg er det stor variasjon i elevar sin arbeidskapasitet, altså kor lenge elevane greier å arbeide om gongen før det vert ukonsentrert. Ved å kjenne til den ideelle arbeidsmengda til kvar elev meiner informant 1 det vert lettare å leggje til rette fagleg, fordi for nokon elevar kan arbeidsmengda i ein time verke så overveldande at det ikkje kjem i gong med arbeidet. Desse elevane kan ha god nytte i å få nokre få oppgåver til å byrje med, for så å auke arbeidsmengda etter kvart.

4.3. Lærarars arbeid med å minimere prestasjonsangst hos elevane

Alle informantane arbeider systematisk med å minimere prestasjonsangst og på den måten motivere elevane. Ut frå analysen kjem det fram ulike måtar lærarane arbeider med dette, som både går på kva læraren seier direkte til klassen, korleis klassa vert organisert og gjennom direkte samhandling med den enkelte elev.

Ut frå analysen arbeider informantane med å skape openheit rundt feil i klassen for å minimere prestasjonsangst hos elevane. Dei er ærlege med klassen om dei sjølv gjer feil. Informant 1 snur gjerne feil elevane gjer til noko positivt og seier “Ja, men då kan me jo læra av det” (Informant 1). Også informant 2 prøver å skape læringsituasjon ut frå feil elevane

gjer. Han seier gjerne "Yes, i dag vart det feil!" (Informant 2). Han fortel om ein situasjon i mat og helse då ein elev brukte feil type mjøl. Han snudde situasjonen til å bli klassen sitt forskingsprosjekt der dei kunne undersøkje korleis det er å bake med forskjellige typar mjøl. På den måten gjorde han om eleven sin feil til ein læringsituasjon.

I analysen kom det fram at fleire av lærarane set elevane saman i grupper for å minimere prestasjonsangst. På den måten gir informantane uttrykk for å meine at elevane føler mindre press for å prestera om dei ikkje står aleine om å løyse oppgåvene. Informantane bruker gruppearbeid til å byggje opp den faglege sjølvtilletten til elevane.

Det kom fram frå intervjuet at lærarane på ulike måtar legg til rette for at elevane skal få vise kva det dei er gode på og på den måten bygge opp den faglege sjølvtilletten deira. Ut frå analysen gjeld dette spesielt elevar som læraren veit slit med prestasjonsangst frå før. Ein måte dette vert gjort på er at læraren gjer avtalar med enkelte elevar.

"Og om dei er veldig usikre på å ta opp handa og slik i timen så spør eg berre på dei emna som eg veit dei kan svaret på." - Informant 3

Å gjere tilpassingar i prøvesituasjonar vart også lagt fram som ein metode for at elevar med prestasjonsangst skal få vise kva dei kan. Elevar som vegrar seg for framføringer for klassen let informant 3 bli testa på andre måtar.

"Nokon har hatt ting som innleveringar i staden for, heime som dei kan jobbe med, og så kan det bli sendt. Eller at de har hatt munnleg presentasjon med en annan elev og en lærar som dei er trygg på." - Informant 3

Eit anna sentralt poeng som kjem fram i analysen er å minimere prestasjonsangst gjennom fagleg tilpassing. Informantane fortel at dei tilpassar faglege mål til den enkelte elev for at alle elevane skal ha mål som er oppnåelege. Informant 2 meiner fagleg tilpassing kan føre til at elevane konkurrerer med seg sjølv framfor å konkurrere med kvarandre. At det ikkje konkurrerer med kvarandre meiner han bidreg til å minimere prestasjonsangsten.

“Ja, altså nokon seier at når du byrjar å, altså ikkje konkurransementalitet fordi det vert helt feil, men å konkurrere med deg sjølv, at det kan auke prestasjonsangst. Eg har opplevd at det har vore helt motsett.” - Informant 2

4.4. Å vera bevisst på eigen motivasjon

Eit funn frå intervjuet er at å gjere elevane bevisst på eigen motivasjon vert brukt som ein metode for å auke elevane sin motivasjon. Det var derimot varierande kva erfaring informantane hadde knytt til dette. Informant 1 uttrykkjer skepsis til at dette er ein metode som fungerer på mellomtrinnet.

«Det er vell ikkje akkurat så lett, at dei skal tenkje over at dei er motivert for å lære eller ikkje.» - Informant 1

Frå analysen kjem det derimot fram at Csikszentmihalyi si flytsone kan nyttast som eit reiskap for gjere elevane bevisst på sin eigen motivasjon. Informant 2 viser elevane illustrasjonar av flytsona for at dei skal bli bevisste på når dei er i flyt og kva som skal til for at dei skal komme dit. Han har samtalar med elevane der dei snakkar rundt eleven sin motivasjon og når eleven sjølv opplev at han eller ho lærar best.

«Det er noko med å sjå ein slik visuell modell som flytsona, å fortelje eleven at «nå skjer det og det fordi du synes dette er for vanskeleg». Då bevisstgjer du dei.»
– Informant 2

Ut frå analysen kjem det fram at informant 3 ikkje har reflektert rundt at det å gjera elevane bevisst på eigen motivasjon er ein metode for å auke motivasjonen deira på.

5. Drøfting av funn

Drøftinga er lagt opp etter dei fire kategoriane, i same rekkefølgje som resultatkapittelet. Den vil konsentrere seg om funna som er presentert i resultat, samt teori som vart presentert tidlegare i oppgåva. Til slutt i kapittelet vert det stilt spørsmål til om motivering av underytande elevar skil seg frå motivering av elevar generelt.

5.1. Bygge opp gode relasjonar

Eit sentralt moment rundt å motivere underytande elevar har vist seg gjennom både analyse og teori å vera relasjonar. Lærarane i intervjuet trekk fram gode relasjonar som ein overordna faktor for å kunne motivera elevane. Utan gode relasjonar kan det sjå ut til at eit kvart forsøk på å motivere elevane vert nyttelaust.

[...] har du den relasjonen, så kan du motivere også.” - Informant 2

For å danne og oppretthalde gode relasjonar med elevane er det i følge Federici & Skaalvik viktig å kjenne heile eleven, ikkje berre den sida av eleven ein møter kvar dag i klasserommet. Ein måte å bli kjent med heile eleven på er ut frå analysen å ta i bruk «24-timers mennesket». Det gir eleven høve til å fortelje om seg sjølv og gi både læraren og medelevane eit innblikk i livet hans eller hennar.

“Når eg får ei ny klasse så jobbar eg veldig med å bli kjent med kvar enkelt. Ein superenkel måte å gjere det på er å bruke 24-timers mennesket frå relasjonsledingsbiten.” - Informant 2

I ein god lærar-elev-relasjon opplev eleven læraren som støttande. Det er viktig for relasjonen at læraren støttar eleven i skulefag, men også viser emosjonell støtte til eleven. Informant 3 er opptatt av at elevane skal vite at ho bryr seg om meir enn berre skolearbeid. At elevane veit at ho trur på dei og bryr seg om korleis dei har det, ikkje berre korleis dei presterer i skulefaga. Både instrumentell og emosjonell støtte er viktig for ein god relasjon, som i neste rekke vil vera ein god grunnmur for å lykkast med å motivera elevane.

Når læraren er instrumentelt støttande til eleven vil han eller ho oppleva å få tilstrekkelig rettleiing frå læraren i faga. Ein av kjeldene til forventing om meistring er verbal overtaling, som handlar om å gi konkrete og realistiske oppmuntringar i faget. Verbal overtaling kan dermed vera ein metode å vise instrumentell støtte til eleven på. I følgje Bandura er den verbale oppmuntringa til oppgåver som ligg rett ovanfor eleven sitt dugleksnivå den som aukar motivasjonen mest. Dermed er det viktig at læraren kjenner til kva eleven har som føresetnad til å klare, for at eleven ikkje skal få ei unrealistisk tru på sine evner. I så tilfelle kan det føre til nye nederlag for eleven. Læraren må ha innsikt i føresetnadane til eleven for å lykkast med verbal overtaling og vera instrumentelt støttande.

For å skape gode relasjonar til den enkelte elev er læraren avhengig av å bli likt av elevane. Frå analysen kjem det fram at det er vanskelig for læraren å vite om ein er likt av eleven, med mindre læraren aktivt prøver å finne det ut. Til dette kan læraren bruke dei føresette som støtte. Læraren kan spørje dei direkte om korleis dei opplev relasjonen mellom læraren og barnet deira for å forsøke å kartlegge relasjonen til eleven. Finn læraren ut at relasjonen er dårlig må han eller ho straks sette inn tiltak for å byggje opp relasjonen til eleven. Læraren kan prøve å bli betre kjent med denne eleven og auke både instrumentell og emosjonell støtte.

5.2. Tilpassing som motivasjonsfaktor

Motivering av elevar kan gjerast gjennom tilpassing til den enkelte elev. Ifølgje informant 1 aukar arbeidsinnsatsen til elevane når oppgåvene er tilpassa deira nivå. Oppgåvene bør ikkje vera for lette, men heller ikkje for vanskelege. Ein kan sjå på tilpassing i vanskegrad i lys av Csikszentmihalyi sin teori om flytsone, slik som informant 2 trakk fram i intervjuet.

“Så eg tenkjer at litt av “cluet” til ein lærar det er å finne ting som er passe vanskeleg for alle elevar. Og då tenkjer eg litt flytsone.” - Informant 2

Vert oppgåvene for lette kan det føre til at eleven kjedar seg og vert frustrert over oppgåvene, då dei kan verka meiningslause å gjere. Eleven må altså ikkje berre *kunne* klare oppgåvene, den må også *ville*. Vert nivået på oppgåvene lagt for høgt over eleven sitt dugleksnivå er det på ein annan side fare for at eleven beveg seg opp i sona for angst og bekymring i flytsonemodellen. Det er dermed dei passe vanskelege oppgåvene som legg best grunnlag for å motivera elevane.

I følgje Bandura bør oppgåvene ideelt sett ligge rett overfor eleven sitt dugeliksnivå for at eleven skal sjå gevinsten av å løyse dei. Men er eleven underytande kan ein av årsakene vera at eleven ikkje har tru på eigne evner og har låg forventing om meistring. I så tilfelle kan ein tenkje at nivået må leggjast lågare enn eleven sitt dugleksnivå slik at eleven kan få autentiske meistringsopplevelingar. Ved at eleven får erfare at han eller ho meistrer oppgåver i eit tema vil det auke forventinga om å klare liknande oppgåver seinare. Dermed er det viktig at læraren både har kjennskap til eleven sitt dugleksnivå og til eleven sin motivasjon. Ved å kjenne til den enkelte elev sitt dugleksnivå kan læraren gi eleven passe vanskelige oppgåver slik at

eleven kan hamne i flytsona. Kjenner læraren også til eleven sin motivasjon og om eleven er underytar kan læraren i tillegg leggje til rette for å auke eleven si forventing om meistring.

På same måte som med faglig tilpassing vil også tilpassing etter arbeidskapasitet kunne bidra til at elevane kjem inn i flytsona. For underytande elevar kan ein av årsakene til at dei ikkje kjem i gong med arbeidet vera at arbeidsmengda verkar overveldande. Informant 1 trekk fram at for elevane dette gjeld kan det vera lurt å kutte ned arbeidsmengda og deretter byggje på etter kvart. Gi elevane berre nokre oppgåver til å byrje med, slik at elevane berre har litt å konsentrere seg om. Når elevane er ferdige med dei oppgåvene kan dei få fleire oppgåver.

“Slik at arbeidsmengda ikkje verkar for stor og for mykje. For det kan også vera noko som hemmar dei i å komme i gong med oppgåva.” - Informant 1

Ut frå analysen kom det også fram at informantane gjer tilpassingar knytt til arbeidsmetodar. Nokre elevar får vist det dei kan betre ved å ha skriftlege prøvar framføre munnelg presentasjon for klassen, på same måte som nokon elevar føretrekk å sjå illustrerande filmar heller enn å lese mykje tekst. Ved å leggje til rette for ulike arbeidsmetodar får elevane betre utspring for kunnskapen dei sitt inne på og også utvikla seg meir. Å tilpasse til ulike arbeidsmetodar han dermed vera ein måte å leggje til rette for at elevane skal oppleve autentiske meistrinsopplevelingar. Dette kan auke elevane si forventing om meistring som kan bidra til auka motivasjon.

5.3. Redusere prestasjonsangst hos elevane

Ein av årsakene til at ein elev er underytande kan vera at eleven er redd for å feile (McCall). Dette vert også underbygd i Atkinson sin teori om prestasjonsmotivasjon, som seier at elevar nettopp kan unngå oppgåver dersom redselen for å feile er større enn lysten til å meistre. Sett i lys av dette kan underytande elevar også vera elvar med låg prestasjonsmotivasjon. Dermed vert ei viktig oppgåve for læraren å minimere prestasjonsangsten hos elevane, som også Imsen nemner som eit godt råd for å motivere dei. Alle tre informantane trekk fram det å minimere prestasjonsangst som ein måte å motivere underytande elevar på og fortel om korleis det arbeider med dette som lærar.

Både informant 1 og 2 arbeider med å minimere prestasjonsangst ved å prøve og skape openheit for feil i klassen. Dei fortel at dei er ærlege med klassen om dei sjølv gjer feil. Med dette ønsker dei å vise at å gjøre feil ikkje er farleg og noko som skjer alle.

Eg likar å seie at om eg seier feil eller gjer noko feil, så seier eg det. «Ja men då kan me jo læra av det». - Informant 1

Om ein elev gjer feil kan læraren trekkje fram dette som noko positivt, noko heile klassen kan læra noko av. Ved at feil vert akseptert av både læraren og resten av klassen kan det tenkjast at angst for å mislykkast med framtidige oppgåver vert mindre for den enkelte elev, då eleven veit at det er greitt å gjøre feil. Dette aukar sjansen for at lysta til å lykkast med oppgåver vert den dominerande faktoren, slik at eleven våger å prøve å løyse dei.

Dersom bakgrunn for undertytinga er prestasjonsangst kan eit tiltak også vera å setje elevane saman i mindre grupper, kjem det fram i analysen. Dette skriv også Imsen (2005, s. 324) som eit råd mot å minske prestasjonsangst. Elevane står då ikkje aleine om å løyse oppgåver, noko som kan tenkjast å minska frykta for å feile ved at ansvaret kviler på fleire enn eleven sjølv. Å arbeide saman i grupper kan også vera ein måte å gi elevane vikarierande erfaringar på, som er ein av hovudkjeldene til forventing om meistring. Om læraren er bevisst på kven som vert sett saman i grupper og set elevar på same faglege nivå saman, vil gruppearbeid kunne leggje til rette for at undertytande elevar med prestasjonsangst får erfare at andre på same faglege nivå meistrar oppgåvene. Dermed kan det tenkjast at dei gjennom vikarierande erfaringar får meir tru på eigne evner og på den måten minskar prestasjonsangsten.

5.4. Gjere elevane bevisst på eigen motivasjon

Å gjere elevane bevisst på eigen motivasjon kan bidra til å gjere elevane meir motivert for skulearbeid (Imsen). Av dei tre informantane var det informant 2 som hadde konkrete erfaringar knytt til dette og gir uttrykk for at han opplev dette som ein god måte å motivere elevane på. For å gjere elevane bevisst på kva som motiverer dei tek han utgangspunkt i Csikszentmihalyi sin flytsone. Han viser gjerne illustrasjon flytsona og har dialog med eleven rundt denne.

“Og så la den eleven kunne forklare til den vaksne at «OK, dette treng eg verkeleg for å behalde min motivasjon. For enten så hamner eg oppe i angstsonen fordi eg ikke får ting til, eller så resignerer eg og dett ned. Eller så gir eg blaffen».” - Informant 2

På den måten forsøker informant 2 å leggje til rette for at eleven skal finne ut når den er i flyt og bli bevisst på kva som skal til for at nettopp den eleven vert mest motivert. Læraren kan få innsikt i kva for arbeidsmetodar eleven trivst med, kva som distraherer eleven, kva for faglege tema eleven meistrar, kva som er utfordrande, og så bortetter. Det kan gjere på at læraren vert betre kjend med eleven, på same tid som eleven vert betre kjend med seg sjølv.

Ein av kjeldene til auka forventing om meistring er verbal overtaling frå andre i omgivnadane. Kor god effekt overtalinga har er avhengig av kor truverdig der som er sagt er. Ved at læraren veit kva som motiverer den enkelte elev kan det tyde på at den verbale overtalinga blir meir truverdig. Læraren kan vise til samtaLEN med eleven og oppmuntre eleven til å prøve å kome tilbake i flyt.

5.5. Underytande elever eller elevar generelt?

Det har vist seg gjennom analyse og drøfting at det ikkje alltid vart nødvendig å snevre inn til å berre sjå på dei underytande elevane. Nokon tiltak og innfallsvinklar gjeld alle elevar. Underytande elevar manglar ofte motivasjon, og ein må derfor byggje opp noko som ikkje er der. Men – alle elevar treng å halde motivasjonen oppe, sjølv om motivasjonen er til stades der og då. Gode relasjoner er viktig uansett om eleven er underytar eller ikkje. Tilpassing gjeld alle elevar. Å vera bevisst på eigen motivasjon kan vera nyttig sjølv om elevane presterer bra. Det einaste av dei fire kategoriane som vert spesielt aktuelt for underytande elevar kan sjå ut til å vera det å redusere prestasjonsangst. Elevar som er redd for å feile ender ofte opp med å ikkje prøve, slik at dei endar opp med å prestere lågare enn det potensialet deira tilseier. Arbeid mot å redusere prestasjonsangst vert altså det som er mest retta mot underytande elevar, medan dei andre kategoriane ser ut til å gjelde like mykje alle elevar, uavhengig av korrelasjonen mellom prestasjon og potensiale.

6. Konklusjon

Innleiingsvis vart følgjande spørsmål stilt; korleis kan læraren motivere underytande elevar til fagleg innsats? Dei fire funna som oppgåva har diskutert viser til nokon innfallsvinklar på

korleis læraren kan motivere desse elevane. Desse fire er relasjon til eleven, tilpassing på fleire område, redusering av prestasjonsangst og gjera elevane bevisst på eigen motivasjon.

Det første funnet, og det lærarane trakk fram som viktigast knytt til å motivere underytande elevar, er å ha ein god relasjon til elevane. For å byggje ein god relasjon til eleven er det viktig at læraren viser støtte til eleven, både instrumentelt og emosjonelt. Dette fortel oss at det er viktig at læraren også bryr seg om den eleven er utanfor faga. Det held ikkje å berre hjelpe elevane til å utvikla seg faglig, i tillegg må læraren gi uttrykk for å bry seg om heile personen. For å kunna det er læraren nøydd til å kjenne eleven, noko «24-timars mennesket» kan bidra til. Å kjenna eleven vil kunne styrka den verbale overtalinga, som er med på å motivera eleven.

Verbal overtaling gjekk igjen i fleire av dei fire kategoriane. Både ved å ha relasjon til eleven, kjenne til fagleg nivå og vite ved å vite kva som motiverer elevane vil den verbale overtalinga bli betre, ved at den vert meir konkret og tilpassa den enkelte elev. Det vil seie at det er fleire faktorar som kan bidra til å betre den verbale overtalinga, som i neste rekke kan auke eleven si forventing om meistring.

Det andre funnet er at ulik tilpassing til den enkelte elev viste seg å kunne påverka elevane sin motivasjon. Både fagleg tilpassing og tilpassing etter arbeidskapasitet og arbeidsmetode vil kunne auke eleven sin motivasjon ved at eleven får oppgåver som er passe vanskelege, oppgåver som verkar som er innanfor overkommeleg arbeidsmengde og arbeidsmetodar som eleven meistrar. For læraren vert det derfor viktig å kjenne til eleven sine evner og føresetnader for å kunne tilpasse deretter.

Redusera prestasjonsangst hos elevane er det tredje funnet. Dette er viktig då prestasjonsangst kan vera ein årsak til at ein eleven er underytande. Frykta for å feile vert større enn lysten til å meistre for desse elevane. For å redusere prestasjonsangst kan læraren arbeide med å gjere det akseptabelt i klassen å gjere feil. Læraren kan snu om feil elevane gjer til læringssituasjonar. Eit anna tiltak for å redusera prestasjonsangst er å sette elevar saman i grupper, slik at dei ikkje står aleine om å løyse oppgåvene. Dette kan også bidra til vikarierande erfaringar som kan auke elevane si forventing om meistring slik at elevane for større tru på eigne evner.

Funn nummer fire er at å gjere elevane bevisst på eigen motivasjon kan vera ein måte å auke motivasjonen på. I arbeid med dette kan læraren ta i bruk flytsona. Læraren kan bruke illustrasjonar av denne til å gjere elevane bevisst på kva som skal til å komme i flyt. Eleven finn på den måten ut av når han eller ho arbeider best, samtidig som det kan vera nyttig for læraren å vite korleis læraren kan leggje til rette for best motivasjon hos eleven.

Oppgåva har belyst korleis læraren *kan* motivere underytande elevar. Etter å ha studert teori og analysert data er det likevel grunn til å tro at aspekta som er diskutert her berre er ein liten del av temaet. Arbeid med å motivere underytande elevar kan gjerast på mange måtar, der fire av dei er å bygge opp gode lærer-elev relasjonar, tilpassa til den enkelte elev, redusere prestasjonsangst og gjere elevane bevisst på eigen motivasjon.

6.1. Tips til vidare forsking

Studien har belyst fire områder som er viktige for eleven sin motivasjon, og som derfor også er viktig for elevar si læring. Det gjer det viktig for læraren å ha kunnskap rundt desse områda for å best kunne leggje til rette for læring. Ein annan interessant innfallsinkel på studien kunne derfor vore i kva grad lærarstudentar vert tileigna kunnskap rundt tema som dette i utdanninga.

7. Litteraturliste

- Bø, I. & Helle, L. (2013). *Pedagogisk ordbok* (3. utg.). Oslo: Universitetsforlaget.
- Christoffersen, L. & Johannessen, A. (2012). *Forskningsmetode for lærerutdanningene*. Oslo: Abstrakt.
- Dalland, O. (2018). *Metode og oppgaveskriving for studenter* (6. utg.). Oslo: Gyldendal akademisk.
- Ekeland, T.-J. (2010). *Psykologi for sosial- og helsefag* (2. utg.). Oslo: Cappelen akademisk.
- Federici, R. A. & Skaalvik, E. M. (2013). Lærer–elev-relasjonen – betydning for elevenes motivasjon og læring. *Bedre Skole*, (1), 58-63.
- Holden, B. (2003). Motivasjon. I S. Eikeseth & F. Svartdal (Red.), *Anvendt atferdsanalyse: Teori og praksis*. Oslo: Gyldendal akademisk.
- Imsen, G. (2014). *Elevens verden: Innføring i pedagogisk psykologi* (5. utg.). Oslo: Universitetsforlaget.
- Kildal, M.-E. (2006). *Motivasjon hos undertytere* (Masteroppgave). Universitetet i Oslo.
- Manger, T. (2013a). Læring og forventing om mestring. I T. Manger, S. Lillejord, T. Nordahl & T. Helland (Red.), *Livet i skolen: Grunnbok i pedagogikk og elevkunnskap: 1: Undervisning og læring*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Manger, T. (2013b). Motivasjon og læring. I S. Lillejord, T. Manger & T. Nordahl (Red.), *Livet i skolen: Grunnbok i pedagogikk og elevkunnskap 2: Lærerprofesjonalitet*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Manger, T. (2016). *Motivasjon, tro på seg selv og ros*. Oslo: Gyldendal akademisk.
- NOU 2016:14. (2016). *Mer å hente - Bedre læring for elever med stort læringspotensial*. Oslo: Kunnskapsdepartementet.
- Skaalvik, E. M. & Skaalvik, S. (2013). *Skolen som læringsarena : selvoppfatning, motivasjon og læring* (2. utg.). Oslo: Universitetsforlaget.
- Thurén, T. (2009). *Vitenskapsteori for nybegynnere* (2. utg.). Oslo: Gyldendal akademisk.

Vedlegg

Vedlegg 1: Samtykkeskjema

Vil du delta i forskningsprosjektet **”Å motivere undertytende elever til faglig innsats”?**

Dette er et spørsmål til deg om å delta i et forskningsprosjekt hvor formålet er å undersøke hvordan man som lærer kan motivere undertytende elever til faglig innsats. I dette skrivet gir vi deg informasjon om målene for prosjektet og hva deltagelse vil innebære for deg.

Formål

At motivasjon er en viktig forutsetning for læring er det ingen tvil om blant teoretikerne om (for eksempel Skinner, Maslow, Bandura, Vygotsky). Uansett faglig nivå på eleven er det avgjørende at eleven er motivert til å ta fatt på skolearbeidet. I klasserommet hender det an man møter på elever som er undertytere, altså elever som ikke oppnår prestasjonsnivået som forutsetningene deres tilsier. Elever som yter lav innsats og presterer under forventa prestasjonsnivå kan man finne på alle faglige nivå. At en elev er undertytende kan ha flere årsaker, der en av dem er motivasjonssvikt. Som lærer er det derfor viktig å fange opp disse elevene og arbeide for at motivasjonen deres blir styrket. Forskningsprosjektet har som formål å undersøke hvordan læreren kan motivere undertytende på mellomtrinnet til faglig innsats. Funn fra intervju vil diskuteres opp mot ulik pedagogisk motivasjonsteori.

Prosjektet er en bacheloroppgave i pedagogikk og elevkunnskap ved grunnskolelærerutdanningen ved Høgskolen på Vestlandet avd. Bergen.

Hjem er ansvarlig for forskningsprosjektet?

Fakultet for lærerutdanning, kultur og idrett (FLKI) ved Høgskolen på Vestlandet er ansvarlig for prosjektet.

Hvorfor får du spørsmål om å delta?

Du er en av to lærere som blir spurta om å delta i prosjektet. Utvalget er dels tilfeldig og dels fordi du er en lærer jeg har litt kjennskap til i undervisningssituasjon. Det viktigste er at utvalget er lærere med undervisningserfaring.

Hva innebærer det for deg å delta?

Undersøkelsen vil være et intervju på opp til 20 min. Det vil bli gjort lydoppdrag som vil bli transkribert i etterkant. Du vil få utdelt intervjuguide i forkant slik at du får mulighet til å tenke litt rundt spørsmålene før intervjuet. Spørsmålene er utgangspunkt for intervjuet og vil ikke nødvendigvis følges slavisk. Det ønskes en dialog rundt det aktuelle temaet, der det vil bli mulig for deg som informant å komme med andre synspunkt enn det spørsmålene i intervjuguiden viser.

Det er frivillig å delta

Det er frivillig å delta i prosjektet. Hvis du velger å delta, kan du når som helst trekke samtykke tilbake uten å oppgi noen grunn. Alle opplysninger om deg vil da bli anonymisert. Det vil ikke ha noen negative konsekvenser for deg hvis du ikke vil delta eller senere velger å trekke deg.

Ditt personvern – hvordan vi oppbevarer og bruker dine opplysninger

Vi vil bare bruke opplysningene om deg til formålene vi har fortalt om i dette skrivet. Vi behandler opplysningene konfidensielt og i samsvar med personvernregelverket.

- Det er kun student og veileder som vil ha tilgang til innsamlet data.

- For at ingen uvedkommende får tilgang til personopplysningene (lydopptaket) vil jeg erstatte navnet ditt med en kode som lagres på en navneliste adskilt fra selve lydopptaket.

Om prosjektet blir vellykket kan det bli publisert på HVL Open, Høgskolen på Vestlandet sitt åpne vitenskapsarkiv for vitenskapelige publikasjoner skrevet av studenter og ansatte.

Hva skjer med opplysningene dine når vi avslutter forskningsprosjektet?

Prosjektet skal etter planen avsluttes 03.06.19. Opptak fra intervju vil derimot slettes så snart disse er transkribert, senest 14.04.19. Det transkriberte intervjuet vil ikke bli lagt til som vedlegg i bacheloroppgaven.

Dine rettigheter

Så lenge du kan identifiseres i datamaterialet, har du rett til:

- innsyn i hvilke personopplysninger som er registrert om deg,
- å få rettet personopplysninger om deg,
- få slettet personopplysninger om deg,
- få utevert en kopi av dine personopplysninger (dataportabilitet), og
- å sende klage til personvernombudet eller Datatilsynet om behandlingen av dine personopplysninger.

Hva gir oss rett til å behandle personopplysninger om deg?

Vi behandler opplysninger om deg basert på ditt samtykke.

På oppdrag fra Høgskolen på Vestlandet har NSD – Norsk senter for forskningsdata AS vurdert at behandlingen av personopplysninger i dette prosjektet er i samsvar med personvernregelverket.

Hvor kan jeg finne ut mer?

Hvis du har spørsmål til studien, eller ønsker å benytte deg av dine rettigheter, ta kontakt med:

- Min veileder Ketil Langørgen på epost ketil.langorgen@hvl.no eller telefon: 55 58 58 96
- Vårt personvernombud ved Høgskolen på Vestlandet ved Halfdan Mellbye på epost personvernombud@hvl.no eller telefon: 55 30 10 31.
- NSD – Norsk senter for forskningsdata AS, på epost (personverntjenester@nsd.no) eller telefon: 55 58 21 17.

Med vennlig hilsen

Ketil Langørgen
(Veileder)

Kristine Fjeldheim Hovelsen
(Student)

Samtykkeerklæring

Jeg har mottatt og forstått informasjon om prosjektet *Hvordan kan læreren motivere underytende elever til faglig innsats?*, og har fått anledning til å stille spørsmål. Jeg samtykker til:

- å delta i intervju

Jeg samtykker til at mine opplysninger behandles frem til prosjektet er avsluttet, ca. 3. juni 2019

(Signert av prosjektdeltaker, dato)

Vedlegg 2: Intervjuguide

Intervjuguide

Bacheloroppgavens tittel er «Å motivere underytende elever til faglig innsats». Jeg ønsker å finne ut hvordan man som lærer kan motivere elever som presterer lavere enn forutsetningene deres skulle tilsi. I vedlagt samtykkeskjema/infoskriv kan du lese mer om prosjektet.

Formål

At motivasjon er en viktig forutsetning for læring er mange teoretikere enige om. Uansett faglig nivå på eleven er det avgjørende at eleven er motivert til å ta fatt på skolearbeidet. I klasserommet hender det an man møter på elever som er underytere, altså elever som ikke oppnår prestasjonsnivået som forutsetningene deres tilskier. Elever som yter lav innsats og presterer under forventa prestasjonsnivå kan man finne på alle faglige nivå. At en elev er underyter kan ha flere årsaker, der en av dem er motivasjonssvikt. Som lærer er det derfor viktig å fange opp disse elevene og arbeide for at motivasjonen deres blir styrket. Forskningsprosjektet har som formål å undersøke hvordan læreren kan motivere underytere på mellomtrinnet til faglig innsats. Funn fra intervju vil diskuteres opp mot ulik pedagogisk motivasjonsteori.

Spørsmål

Følgende spørsmål er veiledende og vil kun være et utgangspunkt for intervjuet. Jeg vil presisere at jeg ønsker å høre *dine* erfaringer rundt temaet og er ikke ute etter noen fasit.

- Hvor lenge har du jobbet som lærer?
- Hvilke trinn har du undervist på? Hvilke trinn har du undervist *mest* på?
- Tenk på en elev du har hatt som har vært underytende, altså en elev som presterer lavere enn forventet i forhold til deres forutsetninger. Hvordan beskriver du denne eleven? (Noen typiske kjennetegn?)
- Har du noen tanker om hvorfor disse elevene yter under sitt potensiale?
- Hvordan oppdager du at de faglige prestasjonene til en elev ikke samsvarer med elevens forutsetninger (at en elev er underytende)?
- Hva gjør du for å motivere disse elevene? Hvordan?
- Psykologene Good og Brophy har utarbeidet noen råd for hvordan man som lærer kan bidra til å gjøre elevene mer motivert for skolearbeid. Et av dem er *Bygg opp til nysgjerrighet og spenning*. Har du erfaringer knyttet til dette?
- Et annet råd er *Gjør elevene bevisste på sin egen motivasjon for å lære*. Er dette noe du har erfaring med?
- *Minimere prestasjonsangsten hos elevene* er også et av rådene. Har du erfaring med tiltak som fungerer med tanke på det?
- Har du noe annet du vil tilføre med tanke på motivering av underytende elever?